
Fra: Tom Sverre Tomren <tstomren@hotmail.com>
Sendt: 12. februar 2016 16:16
Til: Postmottak Meland
Kopi: Diane Berbain
Emne: Motsegn mot søknad om flytting av oppdrettsanlegg til Trollhola

Motsegn mot søknad om flytting av oppdrettsanlegg til Trollhola frå Tom Sverre Tomren, Dalemarka 69.

Viser til nabovarsel med høyringsfrist 19.02 og kjem med motsegn på søknaden fra Blom om dispensasjon fra kommuneplanens arealplan for etablering av oppdrettsanlegg i Trollhola.

Motsegna går på biologisk mangfald, estetikk, forureining og risikoanalyse. Innsigelsen går og på mangelfull konsekvensanalyse (KU).

Bakgrunnen for at Blom A/S søker om flytting til Trollhola er muligheita for framtid utviding. Det vil sei meir fisk i merdane og trulig større merder enn det ein har høve til ved Laksevika. Dette vil ha fleire uheldig konsekvensar: Osterfjorden som ligg på innsiden av Herdlafjorden er i dag svært belastamed mange oppdrettsanlegg. Osterfjorden og Herdlafjorden er også vandringsvei for fleire nasjonale laksestammer som Vosso Laksen og Lone laksen. På sin årlege vandring vil Laksen i desse vassdraga måtte vandre forbi den tiltenkte lokaliteten på Trollholla, og med det bli eksponert både for smittefare og lakselus. Ein annan fare er opp blanding av genmaterialet frå rømt oppdrettslaks som vil ta seg innover fjorden. Passeringa ved Trollhola vil berøra både vandringsruta ut Herdlafjorden og Byfjorden. Dette gjeld bade for flyttinga I seg sjølv og flytting med eventuel utviding.

På landområdet er det også registrert hekkeområde for raudlista rovfugl. Dette var i sin tid til eit av fleire tungtvegande argument for at det ikkje var tillat bustadbygging i området vest for Dalemarka. Dette er ikkje nemnd i konsekvensutreiinga, og ein kan difor sei at utreiinga er mangelfull.

I følgje Bern- konvensjonen er Noreg forplikta til å ta omsynet til arten som er registrert i nærleiken av Trollhola, og ein så omfattande aktivitet som er skissert i søknaden må forventast å ha negativ innverknad på den omtalte hekkeplassen.

Eit anna moment som vert lite omtale er forureiningsaspektet. Det settas i dag ikkje krav til oppsamling av forresten og ekskrement for oppdrettsanlegg. Argumenta for flytting frå Laksevika er at ein treng meir ekspansjons areal. Indirekte seiast det såleis som alt nemnt at ein vil auke talet på fisk og etablere større merder. Det ligger i sakens natur at større anlegg vil føre til meir utslipp av nærings saltar og annan biologisk forureining. Oppdrettsanlegg av den storleiken vi snakkar om her medfører også utslipp av kitin-hemnarar og kviksølv som enten spreies i vatnmassane eller blir liggande botn sedimentane.

Den dominerande straumretninga i Herdla fjorden er norvest. Anlegget som er tenkt ved Laksevika ligg nedstrøms fra Holmeknappen. Ein flytting sørover til Trollholla vil innebære at forureininga og sykdomssmitta i større grad vil drive mot miljøet i Holmeknappen enn kva den vil gjere med ein lokalisering i Laksevika.

Før ein skal liggje til rette for etablering av større oppdrettsanlegg i Trollholla må Meland kommune arbeide for å innføre krav om tette anlegg og nullutslipp. Dette kan for eksempel gjerast i form av ein eigen strandsoneplan .

Med helsing
Tom Sverre Tomren
Dalemarka 69